

Referat fra Regionstyremøte

27. mars kl. 09.00 – kl. 12.45, digitalt på Teams

Møtte: Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Marit Hougsrud, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Haldor Ødegård, Erik Ringnes, Stein Tronsmoen, Sjur Strand (fylkespolitiker), Espen Køhn (adm. repr.) Magne Flø under orienteringer fram til 09.40, Katharina Sparstad (adm. repr.) under sak 18-/-20 Jostein Aanestad (adm. repr.) tom eventuelt sak 1 - kl. 11.00 Lene Hovi (adm. repr.) og Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.)

Møtet er halde digitalt i medhald av: Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av covid-19

Konstituering av møtet:

- Linda Mæhlum Robøle leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent. Med tre saker under eventuelt.

Saker under eventuelt:

- 1) Helsepersonell, kan SI hjelpe?
- 2) Musikk i Innlandet
- 3) Handle lokalt

Referat:

Jørand Ødegård Lunde

Alle vedtak var samrøystes

Orienteringar:

- 1) Orienteringar frå rådmannsutvalet v/ Jostein Aanestad:
Rådmannsutvalet har to møter i veka for å samordne innsatsen for å avgrense Covid – 19 smitte i Valdres. Det er oppretta smitteinstitusjon i Vang for alle seks kommunane. Rådmennene fyljer opp vedtak, som er gjort i Regionstyret, som dei har ansvaret for. Overvaking via mobilnettet, jfr. sak i møte 4. mars, det er ikkje kome svar frå IKT Valdres enno. Dei er i dialog med Telenor om saka, dette er etter samråd med Valdres Brann- og redning IKS og VNK.
- 2) Nytt frå Innlandet fylkeskommune
 - a) Stein Tronsmoen orienterte om at Innlandet fylke ikkje hadde hatt fysiske møter etter 12.mars, men at dei nyttar Teams. NTP prosessen går sin gang, endeleg vedtak i juni. Pakke mot næringslivet på 40 mill. blir lagt fram for fylkesutvalet neste veke. Staten må inn med midlar dersom ein skal få gjor meir. Ekstra låneopptak på 100 mill. kr til fylkesveggar kjem godt med no for å skape aktivitet.

Haldor Ødegård bad om hjelp til å få fjerna motsegnene på høyringane om vegutbygginga Fagernes-Øylo frå Fylkesmannen og NVE.
 - b) Oppstart av nytt fylkesvegprogram v/Magne Flø. Brev er sendt kommunane om innspel. Faggrupper handsamar innspela. Prosess blir som omskrive i brevet til kommunane.
 - c) Om NTP prosessen, Magne Flø orienterte om at endeleg frist for fylket er utsett til juni. Dei legg fram forslag om ein to trinnsprosess for politikarane, der 1. trinn er å diskutere

korleis ein prioriterer. Så blir det ei endeleg sak i trinn to. Vidar Eltun spurte om rammene i oppdragsbrev 9. Flø svarta at den fyrste er basert på budsjettet for 2020 og att den 2. er basert på snittet av budsjetta i førre NTP periode. Haldor Ødegård sa at diskusjon om prioritering mellom veg og bane ikkje gjev meining i Valdres, me har berre veg, Flø støtta dette.

- d) Nytt frå region Valdres v/Linda Mæhlum Robøle
Ho informerte om kriseleiinga i Valdres og at det til no er påvist Covid-19 smitte hjå 6 persona der ein er død. Ordførarane møtes på Teams og samrår seg, dette er interne diskusjonsmøter – ikkje vedtaksmøter. Unnataka i fritidsboligforskrifta skaper utfordringar, men ein må halde seg til forskrifta. Myke aktivitet og bruk av heimekontor, men det er dramatisk for næringslivet. Ordførarane har stort fokus på varsla hjelpepakker til næringslivet, både frå stat og fylkeskommune. Viktig å få målretta hjelpetiltak på plass for Valdres som stor reiselivsdestinasjon. Det vart ein diskusjon om campingplasser. Øystre Slidre ber folk fylje retningslinene om å flytte seg minst mogeleg. I Nord-Aurdal og Sør- Aurdal har kommuneoverlegane stengt campingplassane.
- e) Nytt frå regionkontoret v/Jørund Ødegård Lunde
Vnk nyttar heimekontor i størst mogeleg grad og gjennomfører det arbeidet dei kan frå heimekontor. 3 av dei tilsette kombinerer heimekontor og omsorg for mindreårige barn. Det er nok arbeid so langt. Ho orienterte vidare om næringslivsundersøkinga som er gjort saman med Visit Valdres A/S og Valdres Næringshage A/S, det er mange svar so langt, undersøkinga blir halde open tom. søndag. Det ein ser so langt at dette er tøft for Valdres 18500 hytter og 5000 varme senger er no i all hovudsak tome. Ho sa vidare at ho er bekymra for lokalmatprodusentane og gründarane som kanskje har svak eigenkapital. So langt er ordningane som har kome tilgang på kapital som blir gjeld i selskapa.

Saker til handsama:

RS 16-/-20 Protokoll

RS 17-/-20 NTP innspel til Innlandet fylkeskommune

RS 18-/-20 Festivalstøtte 2020

RS 19-/-20 Huga på gard

RS 20-/-20 Eventuelt

1) Helsepersonell, kan SI hjelp?

2) Musikk i Innlandet

3) Handle lokalt

RS 16-/-20 Protokoll

Forslag til vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 4.mars 2020.

Vedtak

Regionstyret godkjenner protokoll av 4.mars 2020.

RS 17-/-20 NTP innspill til Innlandet fylkeskommune

Forslag til vedtak:

Regionstyret vedtar vedlagte forslag til brev til Innlandet fylkeskommune som innspill Nasjonal Transportplan 2022 – 2033.

Brevet oversendes Innlandet fylkeskommune med Fullføringsplan for E16 som vedlegg.

Vedtak:

Regionstyret vedtar vedlagte forslag til brev til Innlandet fylkeskommune som innspill Nasjonal Transportplan 2022 – 2033 med de endringsforslaga som kom fram i møtet.

Brevet oversendes Innlandet fylkeskommune med Fullføringsplan for E16 som vedlegg.

Leder og nestleder i Regionstyret får fullmakt til å godkjenne de to dokumenta etter innarbeidelse av endringsforslagene.

RS 18-/-20 Festivalstøtte 2020

Forslag til vedtak:

Styret slutter seg til resonnementet og gir aksept for at avlyste arrangement med årsak i Covid-19 beholder festivalstøtten.

Vedtak:

Styret slutter seg til resonnementet og gir aksept for at avlyste arrangement med årsak i Covid-19 beholder festivalstøtten.

RS 19-/-20 Huga på gard

Forslag til vedtak:

Regionstyret gir administrasjon fullmakt til å sende inn en søknad innen 30. april dersom minst 4 kommuner positivt signaliserer deltakelse innen 20. april.

Regionstyret gir administrasjon fullmakt til å justere prosjektets omfang utfra hvor mange kommuner som deltar.

Behandling:

Siden saken ble skrevet har flere av kommunene behandlet saka, og fire av kommunene deltar ikke i dette arbeidet nå. Så langt er det bare Vang og Etnedal som er positive til deltakelse nå. For de fire andre: Sør Aurdal har et eget prosjekt, de tre andre klarer ikke å prioritere dette no.

Vedtak:

Regionstyret konkluderer med at det ikke er grunnlag for å videreføre saken nå.

RS 20-/-20Eventuelt

- 1) **Helsepersonell, kan SI hjelpe til?** Jostein Aanestad svarte at SI truleg vil ha nok med sitt, og at me må planlegge best mogeleg her.
- 2) **Musikk i Innlandet.** Knut Arne Fjelltun fortalte om søknaden til Nord-Aurdal. Regionstyret handsama sak i januar og tok opp at dei vil fornye støtte til søknaden, sjå vedlagt brev.
I tillegg kom det forslag om å lage ein film som synleggjer prosjektet. VNK sa seg viljuge til å delta i dette om Nord Aurdal ynskjer det. Saka fyljast opp administrativt og pengar avsett til film, foto/ marknadsføring av regionen kan nyttast til dette føremålet.
- 3) **Handle lokalt.** Regionstyret ynskjer å sjå på moglegheitene for kommunane til å gjere innkjøp lokalt. Sør Aurdal opplyste om at dei kjøper brød lokalt til institusjonane sine. Konklusjon: Regionstyret ber RU sjå på dei kommunale innkjøpa og å handle så mykje som mogeleg lokalt.